



Til barnehagemynde

Kontakt saksbehandlar

Marie Lillejordet Sivertsen, 51568841

Utlysning av tilretteleggingsmidlar for 2024/2025 for barnehagelærarstudentar på ABLU og deltidsstudie

Samarbeidsforum i Rogaland har gitt Statsforvaltaren i Rogaland fullmakt til å fordele tilretteleggingsmidlar for studieåret 2024/2025. Dette er ein del av regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage.

Det økonomiske tilskotet skal gjere det mogleg for eigarar (kommunar og private) å leggje forholda til rette for å få fleire pedagogar i sine barnehagar.

Samarbeidsforum har satt av kr 7 250 000 til formålet.

Prioriterte studium i denne ordninga

1. Studentar på 4. året, ABLU/deltid barnehagelærerutdanning/bachelorgrad i steinerpedagogikk
2. Studentar på 3. året, ABLU/deltid barnehagelærerutdanning/bachelorgrad i steinerpedagogikk
3. Studentar på 2. året, ABLU/deltid barnehagelærerutdanning/bachelorgrad i steinerpedagogikk
4. Studentar på 1. året, ABLU/deltid barnehagelærerutdanning/bachelorgrad i steinerpedagogikk

Dersom dei avsette tilretteleggingsmidlane ikkje er tilstrekkelege, skal barnehagar og område som har utfordringar med å rekruttere kvalifisert personale bli prioriterte. Det blir gjort ei vurdering av kompetansebehovet i kommunane med bakgrunn i tal frå BASIL.

Tilsette i barnehagar som har fått midlar i 2023/2024 skal bli prioriterte i heile utdanningsløpet. Barnehageeigar må søkje om midlar kvart år på vegne av egne tilsette, sjølv om dei tilsette er prioriterte.

Ordninga omfattar ikkje studentar med annan treårig pedagogisk utdanning på høgskulenivå. Søknad om tilretteleggingsmidlar for vidareutdanning i barnehagepedagogikk kan bli gjort via [Udir sin portal.](#)



Kriteria for å kunne søke om midlar

- Den tilsette skal ha studieplass, eller søkt om studieplass, ved dei prioriterte studia
- Den tilsette skal ha minimum 50% fast arbeidsforhold i barnehage i Rogaland
- Dersom den tilsette er tilsett i fleire barnehagar, må det bli avklart lokalt korleis midla skal bli fordelte mellom barnehagane
- De kan søke om inntil kr. 50 000 per student og for maks 2 tilsette per barnehage

Korleis midlane skal nyttast

Det er barnehageeigar som har ansvaret for bruken av tilretteleggingsmidla. Midlane er knytt til den tilsette og skal vere eit supplement for å leggja til rette for den tilsette si deltaking på studiet.

Det skal lagast ein avtale mellom barnehagen og studenten i starten av semesteret om korleis midlane skal bli brukt. Avtalen skal sendast til barnehagemynde når han er signert av begge partar. Som hovudregel skal midlane ikkje bli betalt ut som stipend, fordi han då vil bli skattepliktig og utløyse arbeidsgjevaravgift.

Barnehageeigar søker om midlar på [dette søknadsskjemaet](#). Frist for å sende inn søknad er 31. august 2024.

Midlane blir betalt ut til barnehagemynde i dei respektive kommunane som fordeler midla vidare til eigar. Utbetalinga på kr 50 000 gjeld for heile studieåret 2024/2025. Midlane blir utbetalt i løpet av september/oktober 2024.

Med helsing

Marianne Skogerbø (e.f.)
utdanningsdirektør

Marie Lillejordet Sivertsen
rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent



Adresseliste:

Bjerkreim kommune	Postboks 17	4389	Vikeså
Bokn kommune	Boknatun	5561	Bokn
Eigersund kommune	Postboks 580	4379	Eigersund
Gjesdal kommune	Rettedalen 1	4330	Ålgård
Haugesund kommune	Postboks 2160	5504	Haugesund
Hjelmeland kommune	Vågavegen 116	4130	Hjelmeland
Hå kommune	Rådhusgata 8	4360	VARHAUG
Karmøy kommune	Postboks 167	4291	KOPERVIK
Klepp kommune	Postboks 25	4358	Kleppe
Kvitsøy kommune	Kommunehusveien 6	4180	Kvitsøy
Lund kommune	Moiveien 9	4460	Moi
Randaberg kommune	Pb 40	4096	Randaberg
Sandnes kommune	Postboks 583	4305	Sandnes
Sauda kommune	Postboks 44	4201	Sauda
Sokndal kommune	Gamleveien 20	4380	Hauge I Dalane
Sola kommune	Postboks 99	4097	SOLA
Stavanger kommune	Postboks 8001	4068	Stavanger
Strand kommune	Postboks 115	4126	Jørpeland
Suldal kommune	Eidsvegen 7	4230	Sand
Time kommune	Postboks 38	4349	Bryne
Tysvær kommune	Postboks 94	5575	Aksdal
Utsira kommune	Postboks 63	5547	Utsira
Vindafjord kommune	Rådhusplassen 1	5580	Ølen